

# Emnerapport DIDAENG1

Hausten 2017

**Emnekode: DIDAENG1 – Engelskdidaktikk 1**

**Emneansvarleg:** Sigrid Ørevik

**Andre lærarar på emnet:** Hild Hoff, Aud Solbjørg Skulstad og Kimberly Skjelde

**Tal på studentar melde til eksamen: 21**

## Undervisning og vurdering

Undervisninga i DIDAENG1 har vore sett saman av 10 doble førelesingar separat for emnet og to doble førelesingar i felles språkdidaktikk saman med didaktikkemna i dei andre framandspråka og i norsk. Tema for førelesingane har vore historisk utvikling av engelskfaget, kommunikativ kompetanse, grammatikkundervisning, grunnleggjande ferdigheiter (lesing, munnlege ferdigheiter, skrivning og digital kompetanse) i språkfaga, språk og kultur, læringsstrategiar og elevautonomi.

DIDAENG1 har to obligatorisk arbeidskrav; desse er knytte opp til utviklinga av eksamensmappa. Den første oppgåva er å publisera eit førsteutkast på Mitt UiB til den eine av dei to mappetekstane studentane skal skriva til eksamen. Den andre oppgåva er å gi tilbakemelding på utkastet til ein medstudent (automatisk tildelt gjennom fagfelle-funksjonen på Mitt UiB). Studentane får deretter individuell tilbakemelding på førsteutkastet av faglærar. Vurderinga av det obligatoriske arbeidet er godkjent/ikkje godkjent.

Vurdering av emnet DIDAENG1 blir gjort på grunnlag av ei eksamensmappe på 3000 ord. Denne mappa er sett saman av eit innleiande refleksjonsnotat og to mappetekstar. Studentane vel to oppgåver blant følgjande fire:

1. Drøft en elevtekst med utgangspunkt i en eller flere språkdidaktiske problemstillinger.
2. Ta utgangspunkt i en språkdidaktisk problemstilling og drøft denne i lys av pensumtekster.
3. Presenter og drøft et undervisningsopplegg ut fra en eller flere språkdidaktiske problemstillinger.
4. Drøft forholdet mellom læreplan og praktisk erfaring i språkfaget. Utgangspunktet for drøftingen skal være en eller flere språkdidaktiske problemstillinger.

Kvar av mappetekstane skal ha ei tydeleg problemstilling og drøfta denne opp mot teori. Refleksjonsnotatet skal grunngi valet av oppgåvetema, binda sama dei to mappetekstane og seia noko om studenten sin læringsprosess i høve til måla for studiet.

21 kandidatar gjennomførte eksamen. 1 kandidat fekk ikkje levert pga. tekniske problem med Inspera og har såleis enno ikkje fått sensur. Eit anna moment i høve til samla eksamensresultat er at klagefristen har enno ikkje gått ut, så nokre studentar vil potensielt få endra vurdering.

Førebels resultat frå eksamen fordeler seg som følgjer:

## Mappeeksamen (20 kandidatar)

A: 2

B: 5

C: 5

D: 6

E: 1

F: 1

Dette vil seia at karaktersnittet ligg rundt C.

## **Resultat av studentevalueringar**

Studentevalueringa av DIDAENG1 har vore gjennomført elektronisk og anonymt. Evalueringsskjemaet vart distribuert per e-post til alle studentane på emnet. Svarprosenten var diverre låg, berre 30% (7 studentar av i alt 21) svarte på undersøkinga.

## Evaluering av emnet DIDAENG1

- 1) ***Var informasjonen om emnet (innhold, kursoversikt, litteraturliste, arbeidskrav, etc.) lett tilgjengelig?***  
Ja: 71%. Nei: 29%.
- 2) ***Fant du tilstrekkelig informasjon om emnet?***  
Ja: 57%. Nei: 43%.
- 3) ***Hvordan opplevde du arbeidsmengden på DIDAENG1 totalt, i forhold til antall studiepoeng emnet gir (7,5)?***  
Passe: 43%. For stor: 43%. For liten: 14%.
- 4) ***Hvordan opplevde du vanskegraden av pensumlitteraturen?***  
Passe: 71%. For krevende: 14%. For enkel: 14%.
- 5) ***Har kurset oppfylt læringsmålene for emnet slik de er formulert i emneplanen for DIDAENG1? Hvis NEI, vennligst spesifiser.***  
71% svarte ja på dette spørsmålet. Dei 29% som svarte nei, grunngav dette med at førelesingane varierte i kvalitet og i nokre tilfelle var for lite spesifikke, gjekk for lite i djupna og var ikkje i tilstrekkeleg grad knytte til praksis.
- 6) ***Vurdér den generelle kvaliteten av undervisningen i emnet på en skala fra 1 til 5, der 5 = svært tilfredsstillende og 1 = svært lite tilfredsstillende.***  
5=0; 4=43%; 3=43%; 2=0; 1=14%.
- 7) ***Vurdér læringsverdien av de obligatoriske oppgavene i DIDAENG1-emnet (publisering av utkast til mappetekst og tilbakemelding til medstudent) på en skala fra 1 til 5, der 5 = svært tilfredsstillende og 1 = svært lite tilfredsstillende.***  
5=14%; 4=14%; 3=57%; 2=0; 1=14%.
- 8) ***Vurdér kvaliteten av oppgaveveiledning i DIDAENG1-emnet på en skala fra 1 til 5, der 5 = svært tilfredsstillende og 1 = svært lite tilfredsstillende.***  
5=29%; 4=14%; 3=57%; 2=0; 1=0.

- 9) *Vurdér kvaliteten av praksisveiledningen ute i skolen på en skala fra 1 til 5, der 5 = svært tilfredsstillende og 1 = svært lite tilfredsstillende.*  
5=29%; 4=43%; 3=14%; 1=0.
- 10) *Vurdér veiledningen du fikk under praksisbesøket i engelsk på en skala fra 1 til 5, der 5 = svært tilfredsstillende og 1 = svært lite tilfredsstillende.*  
5=29%. 4=57%. 3=14%. 2=0. 1=0.
- 11) *Hvor mange forelesninger har du deltatt på?*  
100% av forelesningene: 43%. 75% av forelesningene: 43%. 50% av forelesningene: 14%.
- 12) *Hvor mye tid pr. dag har du gjennomsnittlig brukt på egne studier (utenom praksisperioden)?*  
5 timer eller mer: 14%. 2 timer: 71%. Mindre enn 2 timer: 14%.
- 13) *I hvor stor grad syntes du kurset lyktes med å knytte sammen teori og praksis gjennom undervisning og oppgaver?*  
Fire av kommentarane gav uttrykk for at kurset lukkast med dette; to av desse peikte på oppgåveskrivinga som nyttig i denne samanhengen. To av studentane syntest ikkje at teori og praksis var knytte saman. Ein student meinte at undervisninga før praksis burde fokusera på konkret metodikk, og så kunne historikk osv. koma seinare.
- 14) *Hvilke deler av kurset lærte du mest av?*  
Fire studentar nemnde praksis; tre nemnde førelesingar og seminar (ein av desse fokuserte på førelesingane i felles språkdidaktikk); to nemnde oppgåveskriving. (Tre av svara inkluderte fleire delar av kurset.)
- 15) *Andre kommentarer – gjerne råd om hvordan vi kan gjøre kurset bedre.*  
Her vart det gitt fire ulike kommentarar.
- Meir oversiktleg litteraturliste.
  - Klargjering av retningslinjer for korleis praksisbesøk skal gå føre seg.
  - Unngå at innlevering av obligatorisk arbeid fell saman med innlevering i andre emne, og helst finna eit anna tidspunkt til dette enn 2. teoriveke (haustferien).
  - Tydelegare samanheng mellom dei ulike førelesingstema.

### Faglærarane sine kommentarar

Det har tidlegare vore ytra frå studentar at krava på DIDAENG1 er noko store for eit emne på 7,5 studiepoeng. Frå og med hausten 2017 vart dei obligatoriske arbeidskrava for DIDAENG1 reduserte frå tre til to (dvs. den tidlegare undervisningsverkstaden vart avvikla), og det vart gjort ein delvis revisjon av litteraturlista. Tilbakemeldingane frå studentane tyder på at me er på rett veg i høve til vanskegrad av emnet, men nærare halvparten av studentane melder framleis at vanskegraden er noko høg. Til samanlikning meiner dei fleste studentane at vanskegraden av pensumlitteraturen er høveleg. Når det gjeld opplevd vanskegrad, må det nemnast at PPU sett under eitt er eit svært krevjande studium, med lange praksisperiodar i tillegg til teoretiske emne på til saman 30 studiepoeng pr. semester.

Eit tilbakevendande tema i studentevalueringane av DIDAENG1-emnet at studentane ønskjer fleire konkrete tips og ferdige undervisningsopplegg som dei kan dra direkte nytte av i klasserommet. Frå faglærarane sin ståstad er utfordringa å få til ein konstruktiv balanse mellom teoretiske og praktiske aspekt av eit så omfattande og komplekst emne som engelskdidaktikk. Samstundes som det er viktig for studentane å vera godt skolerte i rasjonale for språkfag, språklæringsteori og kritisk literacy, må dei teoretiske aspekta profesjonsrettast og brukast som utgangspunkt for refleksjon rundt undervisning og rettleiing av elevar i skolen. Dette må me

som didaktikarar bli endå betre på, og difor arbeider me kontinuerleg med å binda saman dei ulike komponentane av fagdidaktikken. I denne samanhengen ser me det som viktig å gi rom for innspel, idéar og bidrag frå studentane i undervisningssituasjonane.